



Det kongelige landbruks- og matdepartement

Saksnr 2018/2937	Løpenr. 1884/2019	Arkiv V45	Saksansvarleg VIDDAL	Dato 06.02.2019
---------------------	----------------------	--------------	-------------------------	--------------------

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 05.02.2019, sak 10/19

**HØYRING - FORSLAG TIL LOV OM FORBOD MOT HALD AV PELSDYR OG FORSLAG
TIL ORDNING FOR ØKONOMISK KOMPENSASJON TIL PELSDYROPPDRETTARAR**

Saksprotokoll- Ørsta formannskap - 05.02.2019

VEDTAK:

1. Ørsta kommune støttar ikkje forbod mot hald av pelsdyr, som er ei viktig distriktsnæring. Næringa har eit strengare regelverk for m.a. dyrevelferd enn i andre land. Ei nedlegging av næringa vil gi store konsekvensar for dei næringsdrivande og deira lokalsamfunn, og kan føre til at produksjonen vert flytta til andre land med dårlegare dyreetisk rammeverk. Det vil også føre til miljøutfordringar med bruk av slakteavfall som pelsdyrnæringa nyttar som før i dag.
2. I stortingsmelding nr. 8 2016/17 vert det lagt til rette for ei berekraftig utvikling i pelsdyrnæringa. Det er difor dramatisk for dei som er berørt, når det året etter vert lagt fram lovforslag om forbod. Konsekvensane av lovforbodet vert store, spesielt i forhold til omstillingss prosessar for personar som er knytt til næringa. Pelsdyr har vore avgjerande for små gardsbruk i utkantar, med manglande alternative arbeidsplassar. Forbod vil her få konsekvens for heile gardsdrifta, og faren for nedlegging av bruk er stor.
3. Vert lova vedteken, vil det vere viktig å få på plass betre kompensasjonsordningar som sikrar dei næringsdrivande mot økonomisk tap, og gir moglegheit for omstilling til anna næring eller utdanning.

Handsaminga (9 r.f.)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 9 mot 0 røyster

Med helsing

Inger Johanne E. Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak: 2018/2937

Løpenr.: 1480/2019

Utvalsaksnr.
10/19

Utval
Ørsta formannskap

Møtedato
05.02.2019

Saka gjeld: HØYRING - FORSLAG TIL LOV OM FORBOD MOT HALD AV PELSDYR OG FORSLAG TIL ORDNING FOR ØKONOMISK KOMPENSASJON TIL PELSDYROPPDRETTARAR

TILRÄDING TIL VEDTAK:

1. Ørsta kommune støttar ikkje forbod mot hald av pelsdyr, som er ei viktig distriktsnæring. Næringa har eit strengare regelverk for m.a. dyrevelferd enn i andre land. Ei nedlegging av næringa vil gi store konsekvensar for dei næringsdrivande og deira lokalsamfunn, og kan føre til at produksjonen vert flytta til andre land med dårlegare dyreetisk rammeverk. Det vil også føre til miljøutfordringar med bruk av slakteavfall som pelsdyrnæringa nyttar som før i dag.
2. I stortingsmelding nr. 8 2016/17 vert det lagt til rette for ei berekraftig utvikling i pelsdyrnæringa. Det er difor dramatisk for dei som er berørt, når det året etter vert lagt fram lovforslag om forbod. Konsekvensane av lovforbodet vert store, spesielt i forhold til omstillingss prosessar for personar som er knytt til næringa. Pelsdyr har vore avgjerande for små gardsbruk i utkantar, med manglande alternative arbeidsplassar. Forbod vil her få konsekvens for heile gardsdrifta, og faren for nedlegging av bruk er stor.
3. Vert lova vedteken, vil det vere viktig å få på plass betre kompensasjonsordningar som sikrar dei næringsdrivande mot økonomisk tap, og gir moglegheit for omstilling til anna næring eller utdanning.

Saksvedlegg:

1. Høyringsbrev frå landbruks- og matdepartementet, datert 22.11.18 (side 1)

Uprenta saksvedlegg:**Saksopplysningar:**

Det er sendt ut høyring om *forslag til lov om forbod mot hold av pelsdyr* og *forslag til ordning for økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdrettarar*, frå landbruks- og matdepartementet. Høyringa er sendt ut 22.11.18, og høyringsfristen er 31. januar 2019. Kommunane har ikkje fått tilsendt høyringa, og Ørsta kommune har ikkje fanga opp/vorte kjend med høyringa før i midten av januar. Det er difor sendt epost til landbruks- og matdepartementet og bedt om utsetjing av høyringsfristen til 6. februar, slik at formannskapet kan handsame saka i møte tysdag 5. februar.

Ørsta kommune er ei av kommunane som har pelsdyroppdrettarar. Fleire oppdrettarar har lagt ned siste åra, og i 2018 er det 4 stk. som er registrert med pelsdyr gjennom ordninga med produksjonstilskot. Dette er to med rev, ein med mink og ein med både rev og mink. Tre av oppdrettarane held til på Øye i Norangsfjorden.

Formannskapet har tidlegare sendt uttale til avtala mellom regjeringspartia om pelsdyrnæringa, handsama i møte 16.01.18:

Ørsta formannskap reagerer sterkt på at ei bærekraftig distriktsnærings som pelsdyroppdrett vert ofra for ein avtale mellom Høgre, FRP og Venstre. Dette gjeld 200 gardsbruk og 400 årsverk i små bygder i heile Norge. Vi ber regjeringa ta næringa på alvor og vurdere dei distriktpolitiske konsekvensane av denne avtalen.

Vurdering og konklusjon:

Pelsdyrnæringa har vore ei viktig distriktsnærings i Ørsta, og spesielt for Øye i Norangsfjorden som har hatt tyngdepunktet av pelsdyroppdrettarar i kommunen. Næringsa har betydd mykje for rekruttering og busetjing i denne bygda, men også andre stader i kommunen. Pelsdyr har gjerne vore attåtnæring til anna landbruksdrift, slik at det har vore mogleg å leve av gardsdrifta på små bruk.

Vi meiner det er viktig at Ørsta kommune gir uttale til denne høyringa.

Ørsta, 29.01.2019

Wenche Solheim
rådmann

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar